

Saksprotokoll

Organ: Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 18.04.2018

Sak nr.: 18/5611-2

Internt l.nr. 23147/18

Sak: 9/18

Tittel: Høringsuttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - økonomiplan 2019 - 2022

Behandling:

Forslag til uttale:

Innspel til økonomiplan 2019 – 2022:

- For vidaregåande opplæring bør ein unngå segregerte tilbod, slik at alle vert inkludert. Ivareta og leggje til rette for alle i vidaregåande opplæring, slik at det vert ei inkluderande og likeverdig opplæring for alle. Retten til opplæringsperiode må vere likt praktisert hos alle dei vidaregåande skulane.
- I folkehelsearbeidet bør det vere eit tilbod for alle.
- Prioritere ungdom, barn og opplæring, slik at kostnadskutt ikkje rammar desse gruppene.
- Når det vert tildelt midlar frå fylkeskommunen bør det så langs som råd leggst til rette for at kulturarrangementa skal vere tilrettelagte for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Fylkeskommunen må strekke seg langt for at universell utforming er gjennomført slik at kollektive transportordningar, busshaldeplassar og kaier, faktisk og i praksis, er tilgjengelege for menneske med nedsett funksjonsevne.

Endringsframlegg:

Skrive om siste setning i kulepunkt 1 til: Vi meiner at retten til opplæringsperiode må vere likt praktisert hos alle dei vidaregåande skulane.

To nye kulepunkt:

- Det er viktig at fylkeskommunen i prosessen med byggeprosjekt og andre investeringar, tek i vare universell utforming.
- Når prosjekt i økonomiplanen for 2019-2022 skal realiserast, er det viktig å sikre brukarmedverknad i prosjekta.

Avrøysting:

Samrøystes

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Innspel til økonomiplan 2019 – 2022:

- For vidaregåande opplæring bør ein unngå segregerte tilbod, slik at alle vert inkludert. Ivareta og leggje til rette for alle i vidaregåande opplæring, slik at det vert ei inkluderande og likeverdig opplæring for alle. Vi meiner at retten til opplæringsperiode må vere likt praktisert hos alle dei vidaregåande skulane.
- I folkehelsearbeidet bør det vere eit tilbod for alle.

- Prioritere ungdom, barn og opplæring, slik at kostnadsutt ikkje rammar desse gruppene.
- Når det vert tildelt midlar frå fylkeskommunen bør det så langs som råd leggst til rette for at kulturarrangementa skal vere tilrettelagte for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Fylkeskommunen må strekke seg langt for at universell utforming er gjennomført slik at kollektive transportordningar, busshaldeplassar og kaier, faktisk og i praksis, er tilgjengelege for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Det er viktig at fylkeskommunen i prosessen med byggeprosjekt og andre investeringar, tek i vare universell utforming.
- Når prosjekt i økonomiplanen for 2019-2022 skal realiserast, er det viktig å sikre brukarmedverknad i prosjekta.